

Til Meland Formannskap

27.11.2017

## Uttale vedkommande budsjett 2018

FAU og SU ved Grasdalen skule har gjennomgått forslag til budsjett for Grasdalen skule 2018. Utkastet til Rådmannen er om lag 1M lågare enn Rektor sitt framlegg og vi finn det naudsynt å trekkje fram område vi er uroa over i dette forslaget.

Grasdalen skule er i sterk vekst. Neste skuleår ventar ein 31 nye førsteklassingar og totalt 170 elevar på skulen. Dette vil gje ein ekstra klasse med behov for ny lærarressurs. I den ramma som er tildelt skulen no, må ein dekke inn denne kostnaden frå andre område. Det synes vanskeleg å gjennomføre dette på ein måte som ikkje vil gå utover kvaliteten på undervisninga.

Grasdalen skule har eit stort behov for betre læremateriell. Mykje av det ein brukar i dag har i lengre tid vore modent for utskifting. Vi ber om at det vert sett av midlar som kan gje elevane betre læremateriell og lærarar betre arbeidsverktøy for å gje elevane ei god fagleg utvikling.

Grasdalen skule har store ekstra kostnader til skyss. Dette gjeld både til obligatorisk symjeundervisning, ekskursjonar og skyss til og frå skule grunna farleg skuleveg.

Vi meiner det er eit viktig prinsipp at elevane i kommunen har like vilkår til symjeundervisning. Grasdalen skule har ikkje hatt nok tilgang på symjeopplæring grunna skulen sine ekstra skyssutgifter til basseng. Undersøkingar viser at fleire elevar ved skulen ikkje har gode nok symjeferdigheiter. Vi ber om at det vert prioritert midlar til skyss som gjer at elevane ved Grasdalen skule får same tilgang på symjeundervisning som andre skular som ikkje har eiga basseng.

Vi meiner også at det er urimeleg at skulen sitt budsjett blir belasta med skyssutgifter grunna farleg skuleveg. Utbetringa av vegen Fosse – Moldekleiv har vorte utsett i svært lang tid og det vil ta fleire år før den er ferdig. Vi meiner at skyssutgifter til dette formålet og til obligatorisk symjeundervisning ikkje bør belastast skulens budsjett.

Helsing

FAU- Grasdalen skule

SU- Grasdalen skule